

# Godt nyttår

frå Kristkyrkja på Stord

## Han fekk oss

## i tenkeboksen



**M**e kan ikkje gå over i 2020 utan å dvela ved avslutninga av 2019. Det vart dramatisk for oss då Ari Behn 1.juledag valde å ta sitt eige liv. Det vekte eit hav av tankar og kjensler i oss. Kvifor skjer slikt? Kunne det vore forhindra? Korleis vil

det gå med døtrene hans? Kva tenkjer prinsesse Märtha Louise om det som har skjedd? Kva rører seg inni kongen og dronninga? Dei har alle fått ei ufatteleg sorg å hanskast med, og treng vår forbøn.

Ein ting kan seiast om Ari Behn: Han fekk oss i tenkeboksen, både medan

han levde og då han døydde. Som kunstnar var han omdiskutert, men også høgt skatta av mange. Men det som venene hans snakkar mest om no er at han var eit godt medmenneske, ein som verkeleg såg andre og fekk folk til å føla seg viktige og verdsett. Det er eit fint ettermæle.

Det er tider i livet som blir hugsa på ein annan måte enn andre. Jula 2019 vil vera ei slik tid.

Ari Behn minnar oss om kor sårbart livet kan vera. Etter at han og Märtha skilte lag har han ikkje hatt det godt. Skilsmålet var ein katastrofe for han. Han har vore open om det, og det minnar oss om at me må vera snille med kvarandre i 2020, gjera alt me kan for å halda saman i familiane våre, og fylla kvardagane med gode

ord, lys og varme så godt som me kan. Må Gud hjelpe oss alle til det.

Bibelen seier at det er menneska sin lodd ein gong å døy for så å bli dømt. Det gjeld for Ari Behn og oss alle, og domaren er Gud. Ingen menneske kan koma heilskinna gjennom Guds dom utan å ha Jesus Kristus med seg. Til det har me brote Guds lov for mange gonger. Men Jesus seier: «Eg eg vegen, sanninga og livet, ingen kjem til Faderen utan gjennom meg». Jesus vart dømt i staden for oss då han døydde på krossen, og den frelse han gjorde ferdig der, er tilgjengeleg for oss alle så lenge me lever. «Alle som tok imot han (Jesus) dei gav han rett til å bli Guds barn, dei som trur på namnet hans.». Johannes 1,12

## Tid og tider

av pastor Jens Thoresen

**D**et er to måtar å sjå tida på. For det første den me måler med klokke og kalender, den *kronologiske* tida. Dinest snakkar me om spesielle tider som er viktigare enn andre tider i liva våre, tider då det skjer avgjerande og minneverdige ting. Det nye testamentet, som er skrive på gresk, skil mellom «kronos» og «kairos».



For Noreg var våren 1814 ei kairostid. Embetsmenn frå heile landet samla seg på Eidsvoll og

utforma og skreiv under på den første norske Grunnlova. 17.mai 1814 var kanskje den største dagen i nasjonen Noreg si historie, og denne dagen blir markert med fynd og klem kvart einaste år. 17.mai er vår dag.

Sommaren 1974 var ei gyllen tid for meg. Då forstod eg at eg stod utanfor Guds rike, og at eg måtte ta imot Jesus for å koma innafør. Eg gjorde det, og Gud kom og fylte livet mitt med sin kjærleik. Det vart ein underleg sommar.

Jesus vart fødd i Betlehem då tida var mogen for det, les me i Bibelen. Alt låg til rette for at dette kunne skje der og då, og denne hendinga var så sentral i verdshistoria at vår tidsrekning startar der, og heile

verda minnest og feirar denne store hendinga kvar einaste jul. **Ein viktigare mann enn Jesus har aldri levd på jorda.**

Ein dag skal han koma attende til jorda for å dømma alle menneske, både levande og døde, nokre til evig liv i himmelen hos Gud, andre til evig undergang. Mange ting tyder på at denne veldige hendinga ikkje ligg så langt fram i tid. Kven vil bli frikjent og godteken? Dei som har teke imot Guds frelse gjennom Jesus Kristus. Kven blir dømt og avvist? Dei som har forkasta Guds frelse gjennom Jesus Kristus. Så ta imot Jesus og sjå til at du kjem deg innafør porten til Guds evige rike. 2020 er tida for det.

## «Jesus Kristus er den viktigaste i livet mitt!»

Liverpool sin berømte, og etter kvart legendariske trenar, Jürgen Klopp, er godt likt av alle. Han er likefram og ærleg, og dette, i kombinasjon med det han sjølv kallar «heavy metall-fotball», har gjort han svært populær

Midt i inneverande sesong tronar Liverpool åleine på toppen av



tabellen i Premier League, og dei er ekstremt vanskelege å slå.

Men trass i stor suksess på fotballbanen, og det gjennom mange år, er Klopp krystallklar på éin ting: **Jesus Kristus er den viktigaste i livet hans.**

Han seier i eit intervju at det ville vore meiningslaust for han å ikkje snakka om Gud og trua når folk spør han om det. Og han seier at **Jesus er den viktigaste personen som nokon gong har levd i verda.**

Sjølv kjenner han seg godt teke vare på av Gud, og gleder seg stort over det faktum at **Jesus tok på seg alle verdas synder på seg sjølv og døydde for dei på ein kross.** «Me treng ikkje lenger betala for syndene våre,» seier han, «og det er ei stor trøyst.»

*Kjelde: [www.evangelicalfocus.com](http://www.evangelicalfocus.com).*

## Vise menn tilber Jesus

### Gudsteneste søndag 5. januar kl. 11

Det kom nokre vise menn frå Austerland for å tilbe Jesus, og for å gje han gåver: gull, røykjelse og myrra. Gull fordi han var konge, røykjelse fordi han var prest og myrra fordi han var lege.

Desse mennene syner oss at det er klokt å tilbe Jesus og godkjenna han som konge, og det skal me snakka nærare om på gudstenesta komande søndag. Vel møtt i Bjellandsvegen 51.



